

Radøy kommune,
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Plansak 12602014000300 – detaljplan Kuvågen hyttefelt –
Klage på planendring.

Vi viser til skrivet dykkar av 04.01.2016 med orientering om planendring og rett til å klage. Viser og til vårt skriv av 19.05.2015.

Vi held fast på at den auka aktiviteten planendringa vil føre til er til ulempe for kulturtunet vi er i ferd med å bygge ut, med bakgrunn i vedteken reguleringsplan.

Vi påklager løyvet til bilveg og parkering for dei 3 hyttene nærmast bautæen, og gjentar frå skrivet av 19.05.15:

" Eit viktig punkt gjeld er dei 3 hyttene som i noverande kartframlegget er merka med 111, 112 og 113. I vedteken reguleringsplan var desse merka med 1,2 og 3.

Vi kan ikkje sjå å ha fått tilfredsstillande svar på vårt skriv av 17. Oktober 2013. Dette har vi og peika på i skrivet vedkomande reguleringsendringa i 2014.

Den plassering desse hyttene har fått er til stor skade / ulempe for aktiviteten ved Bauten.

Vi gjer kommunen ansvarleg for dette.

Skaden / ulempe kan dempast noko om desse hyttene ikkje får rett til bilveg og parkering ved hyttene."

Desse hyttene har og kort avstand til felles parkeringsplass, og har såleis ikkje same trong til å køyra fram til hytta, som dei meir fjerntliggande.

Vi påklagar og at vedtektene ikkje gjev ålmenta rett til fri ferdsel i friområde (f_F1)

Dette er særleg med omsyn til tilkomst Hestholmen over land. Vi viser til tidlegare skriv, og til Hordaland fylkeskommune sin uttale i skriv av 25.01.2013.

I saksvedlegg datert 10.06.15 vert det sagt:

"Ålmen ferdsel er sikra gjennom eige lovverk".

Vi ber om å få dokumentert denne lovheimelen.

I tidlegare skriv har vi og peika på:

Vassforsyninga:

Føresegnene punkt 1.4.2 krev at: "Før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest til fritidsbustadene skal felles VA-anlegg vere ferdigstilt".

Vi føreset at kommunen føl opp saka slik det vert sagt i saksframlegg datert 10.06.2015.

Bergen 18.01.2016

Med helsing

Karstein B. Vågenes AS (Eigar av gnr/bnr. 28/15).

